

---

Saknr: 2020/42867-4  
Saksbehandlar Sissel Brusegård  
Dato: 03.03.2020

---

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

## Kursing av prøvenemnder

I forskrift til opplæringslova § 3-52 går det fram at fylkeskommunen skal sikre at prøvenemnda har tilfredsstillande kompetanse til å vurdere prøva.

Vestland fylkeskommune arbeider med å oppnemnde og skulere nye prøvenemnder. Det er utarbeida kriterium for å vere prøvenemndsmedlem og plan for kompetanseutvikling av desse. Planen inneheld:

- Obligatorisk nettbasert introduksjonskurs for prøvenemnder
- Eigne dagskurs for alle prøvenemndsmedlemmer
- Tilbod om nasjonalt utvikla nettkurs med vekt på relasjon- og vurderingsarbeid

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har utvikla introduksjonskurset. Innhaldet i dagskurset er utvikla i samarbeid med Kjersti Hovland, som arbeider ved Høgskulen på Vestlandet. Ho er også forfattar av boka vi brukar på kurset: « *veiledning for prøvenemnder* ».

Fylkesdirektøren piloterte nye dagskurs nord i fylket frå oktober 2019 og fekk svært gode tilbakemeldingar på opplæringa. På kursa arbeider nemndene saman med å utvikle opne oppgåvetekstar og tydelege vurderingskriterium slik at kandidatane får vist kva kompetanse dei kan på fag-, sveine- og kompetanseprøva.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har vedteke at alle nye prøvenemnder i Vestland fylkeskommune skal få opplæring etter same modell. Det er til no gjennomført om lag 20 kurs. Kursa vert no rulla ut sørover med kursstadar på Voss, Stord, Førde og Bergen. Det er utarbeid kursplan for omlag 30 kurs våren 2020.

Det er viktig at nemndene blir følgt opp for å vidareutvikle både fagprøveoppgåver og tilhøyrande vurderingskriterium. Det er etablert eit eige kursteam med seks kurshaldarar som skal gjennomføre kursa. Sjå kursplan for våren 2020 her: [Kurs prøvenemnder](#)